

NR. 2

FEBRUAR 1986

## Ordinasjon i Arna



*Kåre Rune Hauge og kona Turid Marie*

Cand.teol. Kåre Rune Hauge vart ordinert til presteteneste i Arna kyrkje 19. januar. Det var biskop Thor With som stod for ordinasjonen.

*SJÅ SIDE 10*

## Bred evangeliseringskampanje


På Geilomøtet i jan. ble kristne organisasjonsledere enige om å arbeide for en bredt anlagt evangeliseringskampanje i Norge. Det var sokneprest / biskop/form. i NMS, Bjørn Bue som først lanserte tanken for ett år siden.

### INNHOLD:

Andakt .....	s. 2
Barneside .....	s. 4
Nytt tiltak .....	s. 5
Om faste .....	s. 13
Andlet til Andlet med katastrofane .....	s. 8
Møter .....	s. 3
Fritidstilbudet 10 år .....	s. 13
Kyrkjelydsveke .....	s. 11
Soknerådet i Ytre Arna ....	s. 12
Fastegudstenester .....	s. 7
Kateketen har ordet .....	s. 7
Nytt frå kyrkjelydane ....	a. 6
Preikeliste .....	s. 16

**HUGS FASTEAKSJONEN**

# På veg til Jerusalem



**MATT. 16. 21-23.**

*Jesus på veg til Jerusalem.  
Han laut fara opp til Jerusalem,  
sa han med læresveinane sine.  
Dette var ingen festtur, for Je-  
sus visste kva som venta han  
der oppe. Det venta han lidning  
og død i Jerusalem. Men det er  
som han lengtar etter denne ti-  
men.*

*«Til offerstedet står hans hu, han sier, se her står jeg nu for Adams ætt å lide. Man viser alle piner frem, han sier: «Hvert et lem er villig til å lide». Men på vegen er også Satan. Han prøver på alle måter å få Jesus bort frå lidingsvegen. Denne gongen kjem han gjennom Peter si velmeinte råd. Her er Peter eit godt døme på det naturlege menneske: Spar deg, du må ikkje utsetja deg for noko vondt og vanskeleg.*

*Lat oss prøva tenkja tanken at Jesus hadde sagt: «Du har rett Peter. Kvifor gå til Jerusalem når eg veit om alt det vonde som vil møta meg? Lat oss heller gå til ein annan by». Då hadde Jesus svikta oppgåva si. Då hadde Satan vunne. Då hadde all von vore ute for oss. Me hadde vore evig fortapt alle saman. Verda hadde vore bare mørke, gråt og evig død. Men Jesus kjende Satan og vann også denne gongen. Har du takka han for hans gang på Golgata? Ja, for du er vel klar over at det var for di skuld han leid og døydde. Nå ber han ikkje om meir enn at du takkar han for det. Og gjer deg over til han med alt ditt. Lukke til.*

**A. Ivarsflaten**

## MØTE

**Arna bedehus:**

- 20/02: Eldretreff kl. 17.00.
- 23/02: Kyrkjelydstreff kl. 19.30.
- 27/02: Bibeltime v/prost  
Johs. Valle kl. 19.30.
- 01/03: Møte Misjonssambandet.
- 02/03: Morten Pedersen kl. 19.//.
- 13/03: Bibeltipe v/prost  
Johs. Valle kl. 19.30.
- 15/03: Felles ungdomskveld.
- 16/03: Familietreff kl. 17.00.

**Tunes Bedehus:**

- 18.-23. febr.: Møteveke v/  
Leiv Nesheim kl. 19.00.
- 1.- 2. mars: Møte v/Anfrid  
Misje.

## ÅRSMØTE

**i Arna Søndagsskulelag**

Det vert årsmøte i Betania, Lone laurdag 15. mars kl. 16.00.

- \* Årsmøtesaker
- \* Bevertning
- \* Andakt



**KVINNENES  
INTERNASJONALE  
BØNNEDAG**

Vi samles i Indre Arna Bedehus fredag 7. mars kl. 18.00. Kvinner i Australia har i år gitt oss temaet for dagen: «Velg livet». Tale av Ingrid Mathisen. Vidnesbyrd, sang. Kollekt til spredning av bibelen.

## FIN BIBELDAG I ARNA

Arna kyrkjelyd markerte Bibel-dagen med familiegudsteneste i Arna kyrkje kl. 11.00. Kyrkja var omlag fullsett. Indre Arna barnerøyster song. Born som har 4 års dåpsdag i 1986 var spesielt inviterte og dei fekk utdelt «Mi kyrkjebok», ei bok som etter kvart finst i mange heimar, og som borna set stor pris på. Etter gudstenesta var det samling for born og foreldre i Kyrkjestova.

Om kvelden var det fellesmøte i kyrkja. Møtet var eit fellesopplegg for pinsemenighetene «Bethel» og «Salem», Arna misjonsmenighet og Arna kyrkjelyd. Også denne gongen var kyrkja fullsett. Forstandar Rune Fridell frå Misjonsforbundet talte og Tabernaklets ungdomskor song. Det var helsingar ved Olaf Nøkling og Asbjørn Birkeland. Øyvind Øy leidde møtet. Fellesmøtet var ei fin oppleving for alle som var der og bør takast opp att ved seinare høve.

I offer til Bibelmisjonen kom det inn kr. 2.401,- på familiegudstenesta og på fellesmøtet kom det inn kr. 4.263,-.



**KIRKENES SOS**

**SENTER FOR  
SAMTALE**


Åpent kl. 19.00 til 07.00

## Møteveke

i Betania, Lone  
11., 13. 15. og 16. mars.  
**TALAR: HANS HAUGETUN**  
Møta tek til kl. 19.30.  
Kollekt til Norges Samemisjon

# BARNESIDE

## LAG EI PÅSKESOL




Egg og kyllingar er den mest vanlege påskepynten vår. Julie Eckhoff i IKO har fleire andre forslag, mellom anna ei «påskesol». Påskedag kan påskekyllingane fyllast ut med solpynt. Sola er, som vi veit, eit symbol på Kristus og pynten kan lagast på mange måtar. Papir kan trekkspelbrettast og formast til ein runding, eller ein kan bretteklippe slik borna ofte lagat snøkrystallar i barnehage og skole.

Påskesolene bør lagast i papir i gule eller gylne fargar, og dei kan hengast opp i vindaugo, bli dryssa ut over ein einsfarga duk eller henge på bare kvister i ein vase.

Same kva vi brukar av pynt, er det viktig at vi veit kvifor vi pyntar som vi gjer, seier J. Eckhoff. Påskepynt kan ha djup kristen tyding. Vi burde hjelpe kvarandre til å seie kva vi forstår med den. Slik kan faktisk påskepynt i heimane bli utgangspunkt for åndelege samtalar, der vi er med og gjer kvarandre rikare.

## BILLEDKRYSSORD - HVA SA JESUS?



(Fra IDÉBOK - Indremissionselskapet)

## Nytt tiltak på Unneland:

# TIRSDAGSKLUBBEN

I bedehuset «SION» på Unneland er det starta opp eit nytt tiltak for born og foreldre.

Kvar tirsdag kl. 11.00 samlast barn i alderen 2-6 år saman med foreldra til TIRSDAGSKLUBBEN.

Her er det aktivitetar for barna og tid for prat og hygge for mødrene som er med. Det er lagt vekt på å la barna få vera i aktivitet med teikning og leikar og så er det mykje sang.

Borna i tirsdagsklubben har allerede sunge på fleire arrangement på bedehuset. Det er også sett av tid til andakt.

Alle som kjem på tirsdagsklubben har «niste» med seg. Det er kjekt å ete i lag alle saman og spesielt er det kjekt for mødrene med litt kaffe til praten.

Etter to timar er det tid for å bryta opp og rusla heim igjen. Det er mange som kjem på tirsdagsklubben, men det er framleis plass til mange fleire, så alle som har lyst er velkommen!

Kanskje kan tirsdagsklubben vere eit tips for folk i andre delar av kyrkje-lyden?



Sang er moro synes barna i tirsdagsklubben.

### Fra s. 13

fastebøssen «Brød for verden». Står den på bordet i fastetiden, er den daglig påminning om forenklet kosthold, så vi kan spare til dem som trenger det bedre, noe ikke minst barna er opptatt av.

Enkelte prøver å velge ut spesielle ting de vil unnvære i fastetiden, ikke nødvendigvis mat. Kanskje kan det være noe vi pleier å bruke tiden til, som vi kan unnvære, slik at vi i stedet kan få mer tid til bibellesning og bønn.

Leser vi søndagstekstene for fastetiden (liste står bak i Bibelen), ser vi at de ikke er hentet fra lidelseshistorien. Spesielt 1. og 3. søndag i faste er konsentrert om kamp

og seier. (1.: om Jesu fristelse i ørkenen, og 3.: om Jesu makt over onde ånder).

2. søndags tema er om Jesus som salves.

4. søndag blir en glad søndag med brønderet. Dette er Johannesevangeliets forbilde på nattverden. Jesus er livets brød for oss. Igjen en parallell til jødisk frelseshistorie: Jesus gir oss i dag hva vi trenger til vår «ørkenvandring» mot vårt lovende land – himmelen.

5. søndag viser Jesus sin makt over døden ved at en av evangelie-tekstene er om oppvekkelse av Lazarus.

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døyppte

#### Arna sokn:

- 22/12: Tonje Solsvik. Døyppt i Fjell krk.  
26/12: Nils Christian Boland Storlid. Døyppt i Grindheim krk.  
29/12: Christian Jensen og Synnøve Faugstad.  
12/01- Karen Hafstad. Døyppt i 86: Nykirken.  
19/01: Hilde Bjørklund. Døyppt i Nygård krk.  
26/01: Cathrine Høsøien, Lene Sundal, Sindre Kolltveit, Eirik Halstensen.  
26/01: Irmelinn Midtun. Døyppt i Trengereid kapell.

#### Ytre Arna sokn:

- 12/01: Eirik Molvik  
26/01: Stine Endresen.  
26/01: Else-Marie Hansen.  
02/02: Lene Paulsen.

### Ofringar i kyrkjelydane:

#### Arna sokn:

- 26.12: Den indre sjømannsmisjon. . . . kr. 1034,-  
29.12: Døves menighet . . . kr. 853,-  
31.12: Kyrkjelydshuset . . . kr. 964,-  
01.01.  
85: Kyrkjelydsarbeidet. kr. 973,-  
05.01: Santalmisjonen . . . kr. 1955,-  
12.01: Kyrkjelydshuset . . . kr. 755,-



### Vigde

#### Arna sokn:

- 28/12: Jan Erik Erdal og Jorunn Loftheim. Vigde i Birkeland krk.  
04/01: Stein Arne Ystheim og Gunlaug Aarstad. Vigde i Bremnes krk.  
18/01: Rolf Harald Oen og Marita Markhus.  
24/01: Odd Arne Sagosen og Rita Lillian Bruvik.  
**Ytre Arna sokn:**  
01/02: Edel Kristin Hansen og Tom Morten Teige.


### † Døde

#### Arna sokn:

- 23/12: Alf Løvskar f. 1905.  
27/12: Borghild Børdal f. 1916.  
29/12: Brita Presttun f. 1909.  
01/01: Einar Martin Songstad f. 1897.  
06/01: Olav Rivenes f. 1922.  
17/01: Ragna Halsøy f. 1900.  
19/01: Hilmar Jakobsen f. 1928.  
24/01: Erling Skaar f. 1927.  
**Ytre Arna sokn:**  
21/12: Ragnhild Vesetvik f. 1910.  
13/01: Martin Malkenes f. 1934. Gravlagd Lundegrend.  
14/01: Kari Gaupås f. 1907.

- 19.01: Menighetsfakultetet kr. 5234,-  
26.01: Bibelmisjonen kl. 11 kr. 2402,-  
26.01: Bibelmisjonen kl. 19 kr. 4263,-  
**Ytre Arna sokn:**  
05.01: Bibelskulen på Bildøy . . . . . kr. 933,-  
12.01: Kyrkjelydsarbeidet . kr. 381,-  
26.01: Bibelselskapet . . . . . kr. 1171,-

### Kateketen har ordet



Martha Trollås Sæther

## Ditt år i menigheten

Vi er godt i gang med den andre halvdel av konfirmasjonstiden. Den avsluttende konfirmasjonsgudstjenesten nærmer seg. Hvordan opplever dere konfirmanter dette?

Jeg vet hva noen av dere tenker. Noen av dere synes det er vemodig fordi det er så kjekt å være konfirmand. Dere liker å sitte sammen med klassekameratene og høre og snakke om tro, tvil og meningen med livet.

Noen av dere ser fram til å bli ferdig med hele «konfen» slik at dere kan begynne å fungere igjen. Dere trives ikke med å prioritere bort klubber og fritidsaktiviteter som dere setter stor pris på.

Felles for dere alle er at dere selv valgte å være konfirmand i år. Du visste at dette året var ditt år i menigheten på en spesiell måte. Du hadde en sjanse og grep den. I år er det du og klassekameratene dine som har kristendomsundervisning på kveldstid. Det er du som inviteres hjem privat for å sitte sammen med jevnaldrene i smågrupper og samtale om temaer fra konfirmandboka «Med Jesus gjennom livet». I år er det du som er oftere på gudstjeneste enn mange andre tenåringer. Dette konfirmandåret er det nettopp du som får tilbud om å være med på helgetur der bibeltimer, lek, gudstjeneste, friluftsliv og festligheter går hånd i hånd.

Vi har nylig vært på leirskole nr. 2. Der snakket vi bl.a. om «Kirken», hvor den er og hva den er. Kirken er

ikke bare den hvitmalte med tårn og spir. Det er kirke og menighet overalt hvor Gud er nær gjennom sine ord og sakrament.

Du har i år en spesiell god anledning til å stifte bekjentskap med den kristne kirke og menighet forskjellige steder i Arna. Du har kontakt med tilsette og andre medarbeidere innen det kristne menighetsarbeidet.

Jeg håper at skoleåret 1985/86 ikke blir stående der som det ene året da du var litt med i menighetslivet. Måtte dette året være ditt år på den måten at du får del i menighetslivet for alltid.

## Fastegudstjenester

I fastetiden vert det i år gudstjenester på desse onsdagane:

#### Arna:

05.03 kl. 19.30:  
Sokneprest Øy og bibelskulelærer Harald Myklebust.

#### Ytre Arna:

19.02 kl. 19.00:  
Vikarprest Helgesen.

#### Takvam:

19.02. kl. 19.00:  
Sokneprest Øy. Nattverd.

#### Trengereid:

26.02 kl. 19.00.  
Vikarprest Helgesen. Nattverd.

## DÅP I YTRE ARNA KYRKJE

Det vert dåp i Ytre Arna ved fylgjande gudstjenester:  
Søndag 9. februar  
Søndag 2. mars  
Søndag 16. mars  
Søndag 30. mars (1. påskedag)

Petter Skauen:

# Andlet til andlet med katastrofane

— Når ein står andlet til andlet med katastrofen er det godt å veta at ein er ein del av ein større samanheng. Vissa om at nokon står bak, gjev kraft, seier Petter Skauen, leiår for det arbeidet Kirkens Nødhjelp driv i Latin-Amerika.

Det siste året har han fleire gonger bokstaveleg talt vorte kasta ut i katastrofearbeid. Første gongen var etter jordskjelvet i Mexico. Eit par månader seinare var han på rundreis i Mellom-Amerika. Brått måtte reiseruta leggjast om. Ofra for vulkanutbrotet i Colombia trong full innsats.

## Alt lagt til rette

— Ein må vera førebudd på det uventa heile tida. Det er ein del av livet som hjelpearbeidar. Men det er rart korleis ein stadig opplever at ting vert lagt til rette. Fem minuttar etter at eg kom til flyplassen i Bogota, hovudstaden i Colombia, møtte eg ein prest som eg hadde håpt og bede om at eg måtte treffa, held Petter Skauen fram.

## Hjelp til overlevande

No når vulkanutbrotet i Colombia er i ferd med å verta historie, må ein ikkje gløyma dei som overlevde. Dei treng framleis hjelp, mellom anna til attreising av bustader. Kirkens Nødhjelp vil samarbeida med lokale lutherske kyrkjer om dette arbeidet.

— Hugs at dei som overlevde har vore gjennom ei forferdeleg tid. Mange har mist dei nærmaste, saman med alt dei åtte. Derfor



*Vi må ikkje gløyma dei som overlevde vulkanutbrotet i Colombia. Dei treng framleis hjelp, mellom anna til attreising av bustader.*

er det viktig at dei får koma i gang med positivt byggjande arbeid så snart som råd, sier Petter Skauen.

## Foreldreause barn

— Kva med dei mange barna som miste foreldra sine?

— Dei vil vi også freista å hjelpa, men førebels er det ikkje avgjort korleis hjelpa skal

verta. I Latin-Amerika er det sterk solidaritet blant folk. Det er ofte vanleg at nabofamiliar tek seg av foreldreause barn. For oss kan det verta aktuelt å stø slik lokal adopsjon, eller å gje støtte til barneheimar.

## Fattige og rike

Vulkanutbrotet frå Nevado del Ruiz råka både fattige og rike. Dei veldige lavastraumane øydela solide hus, og trailerar stod fast

i leira. Jordskjelvet i Mexico var annleis. Der hende det som så ofte hender. Dei fattigaste miste det vesle dei hadde og stod heilt ribba etterpå.

## Nye utfordringar

Kirkens Nødhjelp vert stadig stilt overfor nye utfordringar. Skal ein makta desse trengst det fleire pengar. I desse dagar gjennomfører norske kyrkjelydar den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Ved å stø den hjelper du organisasjonen å hjelpa nye menneske som treng hjelp.

# Ny giv for Fasteaksjonen

— Vi opplever no at det er ein ny giv for fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Mest kvar dag får vi meldingar om nye kyrkjelydar som planlegg dør-til-dør aksjonar, seier fasteaksjonskonsulent Dag Arne Roum. Optimist som han er, håpar han at talet i år vert over 300.

Dette målet er slett ikkje utopisk. I 1985 vart det gjennomført dør-til-dør aksjonar i 245 kyrkjelydar. — Før november var omme hadde vi fått melding om at det allereie er planlagt 20. På same tid i fjor visste vi ikkje om meir enn 3-4, og i 1984 var totaltalet 20, held Dag Arne Roum fram.

## Konfirmantane kjem

Han seier vidare at stadig fleire kyrkjelydar dreg konfirmantane inn i Fasteaksjonen. Dei er med og går frå dør til dør og samlar inn fastebøsser. Konfirmantane opplever dette som ein svært meningsfull del av konfirmasjonsførebuinga.

## Innlevering

Fastebøssene kan leverast inn ved påsketider i Sparebanken Vest og Vestlandsbanken sine filialar i Indre Arna, Ytre Arna og på Espeland. Bøssene kan og leverast på prestekontora og ved alle arrangement i kyrkjene i denne tida.

Gåver kan også sendast direkte til Kirkens Nødhjelp, Underhaugsv. 15, Oslo 3 på postgiro 5 20 14 05 eller bankgiro 6046.30.09530.

# Ordinasjon i Arna kyrkje



Ordinanden Kåre Rune Hauge flankert av biskopen (t. høgre) og domprost. Bak frå v.: Studentprest Tore Kopperud, garnisonsprest Terje Løvstad, res.kap. Harald Sundsbø og sokneprest Øyvind Øy.

Cand teol. Kåre Rune Hauge vart ordinert til prestetjeneste i Den norske kirke søndag 19. januar av biskop Thor With.

Domprost Nils Monstad, sokneprest Øyvind Øy, studentprest Tore Kopperud, garnisonprest Terje Løvstad og res.kap. Harald Sundsbø deltok ved ordinasjonen i Arna Kyrkje.

Kåre Rune Hauge er født i 1958 og har teologisk embedseksamen frå Menighetsfakultetet i 1984.



Kåre Rune får overrekket gåve frå venneflokkjen i Betania av formannen i Haukeland Indremisjon, Magne Mestad.

Kåre Rune Hauge er vokst opp på Lone og deltok aktivt i barne- og ungdomsarbeidet i «Betania», Lone før studietida i Oslo tok til. I studietida har Kåre Rune Hauge vore aktivt med i studentlaget i Oslo, der han også har vore formann ein periode.

Etter ordinasjonsgudstensta skipa Arna Sokneråd og Betania Ungdomsforening til fest i bedehuset «Betania» på Lone.

Her var det helsingar frå slekt og vener, frå venneflokkjen på bedehuset, frå Menighetsfakultetet og frå feltprestkorpsset der Kåre Rune Hauge no skal gjera teneste.

## KYRKJELYDSVEKE I ARNA



Arna Kyrkje 4.-9. mars 1986.

Alle møta tek til kl. 19.30. Bønnemøte i Borgstova kvar kveld kl. 19.00.

### *SJÅ OG BLI SETT!*


*Bibelskulelærer  
Harald Myklebust  
taler på alle møta.*

- Tirsdag 4. mars Møte ved Harald Myklebust. Unge Røster frå Åsane syng.
- Onsdag 5. mars Fastegudsteneste ved sokneprest Øy og Harald Myklebust. Kyrkjekoret deltek.
- Torsdag 6. mars Møte ved Harald Myklebust. Arna Ten Sing deltek.
- Fredag 7. mars Møte ved Harald Myklebust. Familien Erdal syng.
- Lørdag 8. mars Gospelkveld. Betania Ungdomskor og Anne Hilde og Arve Reigstad deltar med sang.
- Søndag 9. mars Lovsangkveld. Harald Myklebust talar. Haus Kyrkjekor syng.



*Betania, Ungdomskor,  
Lone*

## VELKOMMEN TIL MØTA!



## SOKNERÅDET I YTRE ARNA

Her presenterar vi soknerådet i Ytre Arna samt nokre av varamedlemmane.

- |                                   |                              |
|-----------------------------------|------------------------------|
| 1. Nils Kåre Olsen,<br>formann    | 6. Martha Skadal             |
| 2. Eli Mohn,<br>nestform.         | 7. Johan Stein               |
| 3. Sollaug Damminger,<br>sekretær | 8. Gunnar Leikvoll           |
| 4. Ingrid Romslo                  | 9. Svein Molvik<br>vararepr. |
| 5. Birgit Askeland                | 10. Helga Eide,<br>vararepr. |



## Fritidstilbudet for funksjonshemma 10 år

Fritidsklubben feira 10-års jubiléet med stor fest i Arna Bedehus siste onsdag i januar.

Asbjørn Padøy leda festen og ynsk- te velkommen til både deltakarar i klubben og innbedne gjester frå soknerådet og barnehagestyret.

Klubben deltok med sang og hadde gaver å overrekkja til Dagny Kleppe- stø og Nelly Nesheim med takk for stor innsats i klubben.

Det vart også vist film frå ein tur

klubben hadde vore på og Gerd Fles- land som er trufast medlem i klubben hadde festlyden med sang.

Ein av dei store innslaga på festen var dukketeater-framsyninga som gjestane frå Vestlandsheimen fram- førte.

Kvelden vart ei fin oppleving for alle som var med. Vi vil gratulera med jubiléet og ynskje lukke til vi- dare i dette arbeidet.



Frå ein klubbkveld. (Arkivfoto)

## Om faste

Liksom julen, har påsketiden og- så sin forberedelsestid — fasten. Førte dagar før påske starter den med askeonsdag. Teller vi dagene i almanakken, oppdager vi at søndagene ikke er regnet med i fasteti- den. De skal alltid være gledesda- ger. Lengden på fasten er ikke til- feldig valgt, men minner oss om at Jesus fastet 40 dagar og 40 netter i ørkenen før han begynte sin gjer- ning.

Tiden før faste er i mange land preget av muntre karnevalsløyer. *Carnevale* (spansk) betyr farvel til kjøttet. I Norge er det vanlig å spi- se boller med krem søndag før fa- ste. Tidligere het denne søndagen

fastelavnssøndag (av *Fastelabend* (tysk)). De fleste av oss spiser vel så godt til hverdags at litt ekstra godt før faste ikke oppleves overdå- dig slik som før i tiden.

*Faste* betyr egentlig at vi skal avstå fra føde for å komme nærme- re Gud. Dette er en naturlig del av det kristne liv i den første kristne tid. Jesus henviser også til en slik praksis (Matt. 9.15).

I dagens Norge er denne tanke fremmed. Men at vi helt konkret kan ofre noe til beste for våre med- mennesker, har Kirkens Nødhjelp fått gjennomslag for ved å lansere



# KIRKENS SOS

SENTER FOR SAMTALE  
ÅPENT KL. 19.00-07.00.

## Kirkens SOS trenger flere medarbeidere Noe for deg?

Du må være en kristen, minst 22 år gammel og medlem av Den Norske Kirke eller Den Evangelisk Lutherske Frikirke.

Før du går inn i tjenesten må du være med på et 10 kvelders innføringskurs. Der tar vi opp de viktigste problemområdene vi kan møte i en samtale. Vakttjenesten foregår i våre lokaler på Engen 22. Det er kveldsvakt fra kl. 19.00-23.00 og nattevakt fra kl. 23.00-07.00. Det er alltid to på vakt samtidig. Som medarbeider er du også med i en samtalegruppe. Så du blir aldri overlatt til deg selv i denne tjenesten.

Kirkens SOS har holdt på i 6 år i Bergen. Et stadig økende antall henvendelser viser at det er stor bruk for dette tilbudet. Telefonen gir mulighet til kontakt i det øyeblikket behovet er der. Det kan føles godt å få snakke med et lyttende medmenneske som har tid og interesse. Kirkens SOS har åpent alle kvelder og netter også i ferier og høytider.

Dersom du er interessert — kontakt oss for videre opplysninger. Tlf. 23 30 80 hver dag kl. 11.00-14.00.

## Til Kvamseter med sokneråda og dei tilsette i kyrkjelydane

Den 24.-25. januar var det samling på Kvamseter. Helge Helgesen heldt bibeltid, der emnet var: «Det Heilage Samfunnet». Mellom anna nemnde han at det er ikkje eit samfunn av syndfrie menneske. I den nye pakt er vi heilage. Heilag er det som høyrer Gud til. Samfunnet med dei heilage skulle vera eit samfunn der vi hjelper kvarandre fram mot det evige livet.

Øyvind Øy tala om: «Kva skjer i kyrkjelydane våre». Her vart nemnt ymse aktivitetar: Diakoni, Ungdomsarbeid, Barnearbeid, Misjon, Kor for barn og vaksne, Kyrkjelydsskulen, Klubb for funksjonshemma m.m.

Seinare tok han opp emnet: «Gudstenesta sin plass i kyrkjelydsarbeid og kristenliv». Det var gjeve god plass for samtale om dei ulike emna.

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

**24 25 95**

ÅPNINGSTIDER

Mand. til onsd.	9.00-17.00
Torsd. og fred.	9.00-19.00
Lørdag	9.00-14.00



5260 Indre Arna

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands  
Blomsterforretning  
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand  
Begravelsesbyrå  
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50  
Alltid til tjeneste

Kranser  
Bårebuketter  
Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09  
ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

**SPAREBANKEN**  
**VEST**  
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har lavaste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70  
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP



Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna

ESPELAND  
BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørjes oppsatt.



Aut. bilverksted  
Aut. dekkforhandler

GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår  
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter  
J.B. Myklestad  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40





# Velkommen til kyrkje

- 16/02 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Kyrkjekoret. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Søndagsskule. Kyrkjekaffi.  
Ytre Arna kl. 11.00. Vikarprest Helgesen. Nattverd. Takkoffer til Ungdomsforbundet. Kyrkjekaffi.  
Ytre Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste v/vikarprest Helgesen.  
Trenegereid kl. 16.30. Familiegudsteneste ved sokneprest Øy. Utdeling av MI KYRKJEBOK til 4-åringar. Takkoffer til IKO. Kyrkjekaffi.
- 19/02 Takvam kl. 19.00. Fastegudsteneste v/sokneprest Øy. Nattverd.  
Ytre Arna kl. 19.00. Fastegudsteneste v/vikarprest Helgesen.
- 23/02 Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/vikarprest Helgesen. Takkoffer til IKO.  
Trenegereid kl. 11. Sokneprest Øy.  
Trenegereid kl. 19.00. Fastegudsteneste v/vikarprest Helgesen. Nattverd.
- 26/02 Arna kl. 19.30. Fastegudsteneste v/sokneprest Øy og bibelskulelærer Harald Myklebust.
- 05/03 Arna kl. 11. Pastor Finn Jarle Sæle. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarb.
- 02/03 Ytre Arna kl. 11.00. Vikarprest Helgesen. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
- 09/03 Arna kl. 11.00. Gen.rekr. Otto Høvik. Nattverd. Arna kyrkjekor. Takkoffer til Israelsmisjonen. Søndagsskule.  
Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste. Sokneprest Øy.  
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd.  
Ytre Arna kl. 19. Heile kyrkjelyden syng.
- 16/03 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy og barnearb. Elisabeth Hovd. Familiegudsteneste. Borna sin misjonsdag. Takkoffer til Misjonsselskapet. Kyrkjekaffi.  
Ytre Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste. Krins.sekr. Nils Peder Kjetså. Borna sin misjonsdag. Takkoffer til Misjonsselskapet. Kyrkjekaffi.

## Søndag er kyrkjedag.

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jøbsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Kåre Kvalvåg.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 30.-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Siste frist for stoff til nr. 3 - 28. febr.